


Returdresse:
Pirion
Næringsbedet
i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
N O R E G



PIT PARION

Magisk medisin må til!

Eg har kokt saft av ville bringebær. Baka brød med urter frå hagen. Raspa limeskal og blanda med sukker og mørk sjokolade. Håpar menyen er magisk nok til at Ragnar Hovland vil fortelje litt, mellom anna om å omsette *Georgs magiske medisin* til nynorsk.



JANNE KARIN STØYLEN
Litteraturmedarbeidar
Nasjonalt senter for
nynorsk opplæring

— Eg likar eigentleg ikkje så godt å snakke med folk, smiler han.
— Men eg blir jo flinkare og flinkare til å skrive. Eg likar å tenke at eg endå ikkje har skrive mi beste bok. Difor blir eg også meir og meir kritisk til tekstane mine,

den neste må vere betre enn den førre. Det tek lengre og lengre tid. Omsettingsarbeid gjev god variasjon, og det held skrivinga i gong. Eg arbeider sjølvstøtt ut frå originalteksten. Ved sida av ligg også bokmålsutgåva, og av og til ser eg etter kva løysingar som har vore brukte. Eg vil helst finne ei betre. Mange seier at eg har lukkast, det er eg svært glad for, fortel han forsiktig.

Ja, Ragnar Hovland har lukkast. Så godt at omsettinga fekk Norsk oversetterforening sin pris Bastianprisen for beste barnebok i 2008. I juryen si grunngeving heiter det mellom anna:

Vi mener oversettelsen er fremragende av flere grunner:

— Den er trofast mot originalen når det gjelder form, innhold og stilnivå. Den er like leken, like rampete og like absurd poetisk. Det gjelder også de to-tre diktene.

— Den er helt norsk i ordvalg og uttrykksmåte. Språket er nært, muntlig og friskt, og originalspråket kommer ikke til syne. Norske idiomer er brukt på en selvfølgelig og overbevisende måte, også der en direkte oversettelse kunne tolereres, men gjøre opplevelsen fattigere.

Endeleg kan vi altså lese Roald Dahl sin klassikar, høgt og lågt, på eit nynorsk så drivande godt og herleg at det er ei fryd! — Du veks for fort, seier bestemor til Georg. Gutar som veks for fort blir dumme og late. Georg gjer aldri noko rett i bestemor sine auge. Ho er faktisk ikkje nokon hyggeleg person. Men no er det best at besta ber til Gud. — Då set vi i gang, ropar Georg og sprett opp frå bordet. — Då skal det bli magisk medisin her!

*Så gi meg ein tordivel og ei loppe
som hoppar*

Gi meg to sniglar, tre firfirslekroppar

Og ein slimete orm med ekle vrikk

Og gifta frå eit biestikk

Og saft av ei frukt frå eit brystbær-tre

Og knuste bein frå eit vomat-kne

Og hundre andre ting må eg ha

Og ingen luktar særleg bra.

Hausten 2008 kom også *Charlie og sjokoladefabrikken* ut i nynorsk omsetting av Ragnar Hovland. — No hadde eg tenkt at eg skulle ta eit omsettingsfritt år. Men så fekk eg eit tilbod det var uråd å seie nei til. Utpå nyåret skal Ole Lund Kirkegaard sin klassikar *Gummi-Tarzan* vere klar til trykking, fortel Hovland.

Ærast skal også den nynorske barnebokklubben Blåmann og redaktør Erle Stokke. Med alle medlemmene i ryggen har ho kunna gå til forlaget Gyldendal og freiste med plass som hovudbok og høgre salstal. Frå før har ho samarbeidd med Cappelen Damm om ei nytgjeving av *Mio, min Mio* i Tove Bakke si omsetting. — Det kjem til å komme fleire klassikarar på nynorsk, fortel ho lurt.

Eg lurar på om det er heilt uproblematisk og berre bra? Tek dei ikkje plass og merksemd frå dei nye, gode nynorske bøkene, dei som har etablert kvalitet som eit varemerke? Bøkene som står for ein tiendedel av utgjevingane, men som reiser heim med ein tredjedel av litteraturprisane?

— Dette er viktige og klassiske barnebøker, seier Hovland. Litt Astrid Lindgren og Roald Dahl har vi ikkje vondt av. — Det må til!

nr. 6 - 2009
Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular



Ein bussjåfør... ein bussjåfør...
Fire dagar i veka drar ungane i
bussavdelinga ut på tur.
© Tonning barnehage

BARNEHAGEAVDELING PÅ HJUL

Med eigen barnehagebuss kjem borna i Tonning barnehage i Stryn seg lett ut av sentrumskjernen og til skogsområda.

TEKST: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no




© Astrid E. Hjeltneland



Borna i barnehagen har fått vore med på å dekorera og har sett sitt eige preg på bussen.

© Astrid E. Hjeltneland



På bussen er det eige tørkeskap, og alle har kvar sine skap.

© Astrid E. Hjeltneland

Mobil avdeling

Styrar Eva Sefland er veldig nøgd med den nye bussen, som var klar for bruk i april i år. I bussen er det eige kjøken, tørkeskap, garderobe og gode

sikra sete å sitja i. I tillegg har bussen plass til alt dei treng, anten det er redningsvestar eller regnkledde. – Verda ligg føre oss, seier ho. – Nå er det berre fantasien

som set grenser for kva me kan finna på. Sefland understrekar likevel at barnehageavdelinga prøver å unngå lengre reisetid enn førti minutt.

Den mobile avdelinga har også ein fast brakkebase i barnehagen, der dei kan opphalda seg før dei reiser med bussen og til dei vert henta etterat barnehagedagen er over.



Borna trivst godt ute. Her er barn frå bussavdelinga i Villmarksleiren til Stryn leirskule sist vår. © Tonning barnehage

Fire- og femåringer er prioriterte på den mobile avdelinga, som har plass til 22 barn i tillegg til 3-4 vaksne og sjåfør.

– Det kan fort bli ei utfordring å finna på nye spennande ting for born som har gått i barnehagen sidan dei var eitt år, seier Sefland. Medan det er ei fast avdeling som nyttar bussen fire dagar i veka, er bussen tilgjengeleg for dei andre avdelingane ein dag i veka som turbuss.

Natur- og kulturopplevingar

Barnehagebussen gjer at borna når lett ut til nye miljø. Ved hjelp av bussen får borna nytta seg av mange natur- og friluftsområde i kommunen der dei har lavo og gapahuk tilgjengeleg. – Nå er me i naturen heile dagen i staden for å trava gatelangs for å koma oss fram, seier Sefland. I naturen finn ein og

mange lokale kulturminne, som borna får god kjennskap til på nært hald. Avdelinga kan og lettare besøkj andre barnehagar og koma seg på gardsbesøk og kulturaktivitetar. Det er snakk om å få til eit samarbeid slik at andre barnehagar i kommunen kan få nytta barnehagebussen, fortel ho. I tillegg kan barnehagen utvida bedriftsbesøka sine og få besøkj foreldre som jobbar i bedrifter utanom sentrum.

Språkstimuli

Sefland meiner den mobile barnehagen også er nyttig for språkopplæringa til borna. Her vert ein «tvinga» til å nytta språk og det nyttar ikkje berre å peika.

– Får borna sjå og ta på ein frosk når dei er ute i naturen, er det mykje større sjanse for at dei hugsar ordet enn om dei berre høyrer det, seier ho. Det er ikkje minst veldig bra for minoritets-

språklege born. I Tonning barnehage er 20 prosent av borna minoritets-språklege, og avdelinga prioriterer å få med minoritetsspråklege på bussen frå dei er fire år.

Svensk idé

Det var eit behov for fleire barnehageplassar

som fekk Stryn kommune til å investera i eigen barnehagebuss. Ordførar i Stryn, Nils P. Støyva, understrekar at barnehagebussen ikkje skal erstatta vanlege barnehageavdelingar, men vera eit godt alternativ.

Ein av dei flotte teikningane som dekorert bussida © Astrid E. Hjeltneland



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

PIRION-kurs Les meir på www.pirion.no

Ideen til barnehagebussen kjem frå svenske Solveig Sunnebo. – Som eigar av fleire svenske private barnehagar ynskte ho å finne noko som kunne tenna gløden i auga til pedagogane, fortel Sefland. Sunnebo vart inspirert av bussbruk i Danmark, men ville få laga ein buss som oppfylte skandinaviske krav, og som var meir komfortabel for barnehageborn.

I Noreg samarbeida Sunnebo med Vest Buss Industri i Stryn om å få utvikla ein buss med alle fasilitetar for ei barnehageavdeling. – Tonning barnehage i Stryn fekk tilbod om å vera med i denne prosessen, og barnehagen stilte med forsøksborn til bussen, fortel Sefland. Her fekk borna ta del i heile prosessen frå skisser til ferdig produkt. Dei eldste borna i barnehagen fekk og ta del i dekoreringa av bussen, noko som har gitt han eit særpreg. – Me er stolte av bussen, og det er som regel ein stor gjeng som ventar når bussen kjem tilbake til basen, fortel Sefland.

Dei minste borna i barnehagen har i tillegg til mamma, pappa og nei! også lært seg ordet buss, avsluttar ho.

BOKMELDING



Ballongmamma

Tekst: Siri Sandberg Meløy

Teikning: Motorfinger

Det Norske Samlaget 2009

Nynorsk

Mamma til Gyri låser seg inn i dusjen og nektar å kome ut att. Mamma blir verande i dusjen i dagar og veker, og medan dagane går, veks mamma seg større og større. Pappa er inne og bles litt på ho i blant, medan naboen klagar og Gyri ventar. Og til slutt skjer det vi anar vil skjje:

Ut av mamma kjem det ein fin liten baby.

Ballongmamma er ei underleg bok. Ho er om ei boble, ikkje ulik den bobla mamma til Gyri lever i. Det handlar om graviditeten og ventetida, noko familie-medlemene tilsynelatande opplever ganske ulikt. Boka har lagt alt det praktiske og pragmatiske til side og formidlar meir stemningar og kjensler kring det uforstålege mirakelet eit svangerskap kan vere. Ikkje alt som skjer i boka, gir like mykje mening. Kvifor far bles på mor i dusjen, har underteikna enno ikkje forstått. Men bilda og teksten kitlar meg og mine små lesarar og får oss somme gonger til å boble over av lått. Denne boka fungerer best når ein berre lét seg flyte med.

Toyni Tobekk